



Årsplan SFO

Førde barneskule

2022/23



Velkommen til Førde barneskule SFO

SFO er eit tilbod for barn i 1. – 4. klasse og for barn med særskilte behov i 5. – 7. klasse. Målet for SFO er forankra i rammeplanen for SFO og vedtektene for SFO i Sunnfjord kommune.

” Skulefritidsordninga skal legge til rette for leik, kultur og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hjå barna. Skulefritidsordninga skal gi barna omsorg og tilsyn. Barn med særskilte behov skal givast gode utviklingsvilkår. Arealane både ute og inne skal vere eigna for formålet”.

Alle tilsette på SFO skal følgje med på at barna har det bra på SFO. Jfr. Opplæringslova §9A. *«Alle elever har rett til å ha et trygt og godt skolemiljø som fremmer helse, trivsel og læring.»*

Dei vaksne på SFO skal ha fokus på å skape gode relasjonar og inkludere alle i fellesskapet.

Om den vaksne ser eller trur at barn blir mobba, plaga eller på andre måtar ikkje har det bra, skal ein gripe inn og varsle.

Opninstida på SFO er frå kl. 7.00–9.00 og frå skuleslutt til kl. 16.30.

I feriane, inklusiv sommarferien har borna våre tilbod på Slåtten skule SFO. Det vil vere med personale frå Førde barneskule i feriane.

Organisering:

SFO ved Førde barneskule er organisert i 2 basar:

Bikuba: Er for barna som går i 1. og 2. klasse. klasse. Dei held til i førsteklassebygget.

Edderkoppen: 3. og 4. klasse er for seg sjølv.

Dei held til i lokala ved gjennomgangen ut mot Kyrkjevegen.

Telefon:

SFO Bikuba: 95 46 46 61 SFO Edderkoppen SFO: 91 00 90 19 SFO-leiar Monica Flaten: 957 06 657

SFO TILBOD

Tilbod	Timar	Pris 1. klasse	Pris 2.-4. klasse
A-tilbod	Full tid (inkl. feriar)	1.680,-	3.365,-,-
B-tilbod	Full tid (ikkje feriar)	1.450,-	3.020,-
C-tilbod	Inntil 20 timar	1.030,-	2.590,-
D-tilbod	Inntil 12 timar	Gratis	2.130,-
E-tilbod	Inntil 5 timar	Gratis	1.260,-
	Kjøp av heil dag	325,-	
	Kjøp av halv dag	300,-	
	Kjøp av 1 veke i skuleferiar	1.605,-	
	Kjøp av sommar SFO	4.035,-	
	Gebyr for seint henta barn	375,-	

*1. klasse har frå hausten 2022:
12 timar gratis SFO og redusert pris på større tilbod*

SFO har 5 planleggingsdagar i året. Desse dagane er SFO stengt.

A-tilbod er full tid inkl. skulen sine feriar, utanom sommarferien.

B - E-tilboda inkluderer ikkje skulen sine feriar.

Påmeldingsfrist til nytt SFO år er **1. april**. Ein må søkje elektronisk i Visma flyt skule. Ein kan søke om opptak gjennom heile året.

Ferie-SFO:

Før kvar ferie blir det sendt ut elektronisk påmelding i Visma. Ein må her melde på borna om dei vil nytte seg av SFO-tilbodet i feriane.

OPPSEIING:

Oppseiingsfristen er på ein måned. Oppseiing i Visma flyt skule før den 1. i kvar måned med verknad frå den 1. i påfølgjande måned.

Ved byte til eit mindre tilbod gjeld oppseiingsfrist på ein mnd. Om ein byter til større tilbod kan endring gjelde straks.

Det er ikkje høve til å seie opp etter 31. mars.

VERDISYN

Barna skal møte det same verdisynet og dei same grunnhaldningane i SFO som på skulen for øvrig.

Visjon for Førde barneskule SFO: **"Ein god SFO for alle"**.

SFO er barna si fritid.

Mål for SFO ved Førde barneskule:


- Barna skal trivast på SFO.
- Barna skal oppleve at dei er ein del av eit fellesskap, at vi er ein inkluderande SFO.
- Barna skal møte tydelege og rause vaksne som har klar forventningar til korleis vi skal vere mot kvarandre.
- SFO skal støtte opp under verdier og handlingar som fremjar ei berekraftig utvikling.
- Barna skal ha medverknad og kunne vere med å påverke innhaldet på SFO.
- Det blir lagt til rette for frileik.
- Vi har eit variert aktivitetstilbod.
- Det skal vere god informasjon og dialog med føresette.

Barna skal oppleve at det er godt å vere på SFO. Vi har fokus på at dei skal trivst. Vi ynskjer at alle skal føle seg sett, ivaretatt og inkluderte. Dei vaksne skal støtte og rettleie i det sosiale samspelet. Vere ein autoritativ vaksen, tydeleg og omsorgsfull. Vi vil at barna skal lukkast og gi dei strategiar for korleis dei kan takle motgang og løyse konflikter. På vår SFO skal alle oppleve å høyre til og vere ein del av eit fellesskap. Vi har fokus på aktivitetar og arrangement som er med å fremje VI-kjensla. SFO året er delt inn i 6 ulike periodar. I kvar periode har vi ulike markeringar basevis eller felles for heile SFO.

Rammeplan for SFO seier at vi skal støtte opp under verdier og handlingar som fremjar berekraftig utvikling. Vi ynskjer å lære borna om kjeldesortering, matsvinn, gjenbruk, korleis vi kan ta vare på naturen og ting/leikane våre.

Barn sin medverknad

Medverknad tyder at barna i fellesskap med andre barn og vaksne skal få erfare at deira meining er viktig. Dei skal få vere med å påverke innhaldet i SFO-kvardagen.



På Førde barneskule SFO ynskjer vi:

SFO skal vere ein plass der barna opplever demokrati i praksis. Ein stad der dei blir lytta til og der dei kan vere med å påverke. Å arbeide med demokrati vil seie at barna får øve seg på å respektere at vi er forskjellige og har ulike meiningar.

Vi skal gjennomføre barnesamtale ein gong i året. Gjennom barnesamtalane kjem barna med idèar til kva vi kan gjere og korleis dei har det på SFO. Vi har og felles barnemøte trinnvis. Her får barna vere med å påverke innhaldet på SFO. Barnemøte har vi to gongar i halvåret.

Barna skal delta i val av aktivitetar. Det er viktig for oss å lytte til barna og kva dei ynskjer å gjere i tida dei er på SFO. Difor har vi valfrie dagar, der barna får velje kva dei ynskjer å halde på med.

Innhaldet i SFO

Leiken på Førde barneskule SFO:

Leiken skal ha stor plass i SFO og barna skal ha tid og rom til leik kvar dag.

Vaksne skal observere, støtte og delta i leiken. Dei skal hjelpe dei som står utanfor og legge til rette for eit godt leikemiljø.

Vi skal jobbe for at alle skal ha ein leikekamerat.

Vaksne skal sette grenser og rettleie, dersom leiken blir for "alvorleg".

Barna skal vite kvar leikane er. Det er godt organisert og lett tilgjengeleg. Slik at dei lett kan starte leik sjølv.

Vi ynskjer å legge til rette for frileik.

Barna skal difor få leike og gjere det dei sjølv ønskjer og meistrar på SFO, slik at dei kan utvikle eit positivt sjølvbilete. Leiken skjer i stor grad i samspel med andre barn, og dei får dermed sjanse til å utvikle vennskap og god sosial kompetanse. Den sosiale læringa er sentral på SFO. Respekt for andre barn og vaksne og for andre sine eigendelar, samt det å kunne halde reglar og grenser, er noko vi arbeider med kontinuerleg.



Eit variert aktivitetstilbod:

Gjennom utrykksformer som musikk, dans, drama og ulike formingsaktivitetar vil barna på vår SFO få eksperimentere og vere kreative.

Kultur



Vi skal bidra til at barna ynskjer å vere aktive. Ved å tilby organiserte aktivitet i gymsal, uteaktivitet i all slags vêr, turar og besøk i nærmiljøet. 3. og 4. trinn har og tilbod om bading på SFO. Vi arrangerer motbakkeløp, ulike ballturneringar, mesterens mester mm.



Fysisk aktivitet

Vi legg til rette for at barna kan ete nista si kvar dag. Vi har fokus på sosialt samvær og trivsel under måltidet. Vi har fokus på matsvinn og lagar sunn og variert mat. Barna får delta i matlaginga og vi legg til rette for måltidsglede ved t.d. å arrangere vennskapskafè.



Mat og måltidsglede

4. Klasse klubb: Det skal vere litt ekstra stas å gå på SFO i 4. klasse, difor har dei sin eigen klubb. Der finn dei på mange kjekke aktivitetar i lag.

Dei organiserte aktivitetane er ein viktig del av SFO-tilbodet. Vi på Førde barneskule SFO har som mål å ha eit variert aktivitetstilbod.

FORELDRESAMARBEID

Vi på Førde barneskule SFO ynskjer at det er **god informasjon og dialog med føresette.**



Vi ynskjer å ha god kontakt med dykk som foreldre, gjennom uformell samtale ved henting/bringing.

Barna som startar i 1.klasse får utdelt eit **bli-kjent-skjema**. Her kan foreldre gje SFO personale informasjon om barnet.

Vi på SFO har ikkje organiserte **foreldresamtalar**, men dei som ynskjer må berre ta kontakt med baseleiar eller SFO-leiar dersom ein ynskjer ein samtale.

Informasjon om kva som skjer på SFO i løpet av året finn de på baksida av elevane sin vekeplan.

Vi har **2 foreldremøter** i løpet av året. Eit på våren for foreldra til komande 1. klassingar og eit på hausten for foreldra til årets 1. klassingar.

Forventningar til føresette:

- Gjev tilbakemelding til personalet.
- Seier i frå til personalet når barnet blir henta.
- At barnet blir henta til rett tid.
- Leser informasjon på vekeplanen og anna informasjon frå skule/SFO.
- Syter for at barnet kvar dag har:
 - Gode utekle og sko.
 - Ekstra skiftekle.
 - Kledda skal vere merka med barnet sitt namn.
 - Niste til SFO.

DAGSRYTME

Morgontilbod

SFO opnar kl 7.00 kvar dag. Vi ynskjer å gje barna ein roleg og god start på dagen. Barna skal bli tatt godt i mot. Dei som ikkje har ete frukost heime kan ta med frukosten på SFO. Vi tek imot informasjon frå foreldre. På morgonen kan barna halde på med ulike aktivitetar; spele spel, teikne, lese bøker, konstruksjonsleik etc. Vi har fysisk aktivitet i gymsalen frå kl. 08. Vi ryddar og avsluttar SFO 15 minuttar før skulestart. Dersom barnet kjem kl. 08.45, går ein rett ut.

Innkryssing i klasserommet.

Dei barna som skal på SFO etter skuletid blir kryssa inn av lærar i skuletida. Når skulen er slutt blir barna henta av SFO-personale i klasserommet. **Alle beskjedar som gjeld SFO må være skriftleg, og merka med dato. Beskjeden skal ligge i/på matboksen og blir tatt fram i skuletida.**

Måltid

Borna et når SFO startar.

Dei dagane barnet skal på SFO er det lurt å ha ekstra mat med seg eller det kan få med seg ein separat matpakke til å ha på SFO. For mange er det vanskelig å porsjonere maten sjølv, slik at matboksen kan vere tom når ein kjem på SFO. Når det gjeld drikke, så kan barna kjøpe mjølk. Dersom ein ynskjer mjølk også på SFO, bestiller ein dette samtidig som ein bestiller skulemjølk på hausten. Elles får barna vatn til måltidet.

Rydding

Vi vil at barna skal rydde opp når dei er ferdig å leike. For å motivere til rydding har vi; ryddemusikk og ryddediplom.

Takk for i dag!

Nokre barn blir henta, andre har fast avtale om å gå heim sjølv. Vi ynskjer at denne avtalen skal vere skriftleg. Dette finn de i søknadsskjema på Forms. Vi føl barna i 1. klasse til 14.30 bussen, som går til Haugum/Bergum/Erdalen og Bruland.

Når barnet går heim eller blir henta blir det kryssa ut av **flygar** (den som har lista). Flygar skal heile tida ha oversikt over kor barna oppheld seg i samarbeid med resten av personalet. Alle vaksne og barn som forlet basen skal gje flygar /personalet informasjon om det.

Klede

Vi ynskjer at barna har dette på skulen/SFO:

- Regnkle
- Ekstra skiftekle
- Innesko.
- Støvlar

Haust/vinter må ein og ha:

Dress el. boblebukse

Lue, skjerf og vottar

Vintersko/cherox

Ull el. fleeze gensar og bukse.

Elevar i 2.-4. klasse kan ha kle liggande utanfor klasseromma sine, så hentar vi dersom det blir behov. Dei må ha innesko på SFO.



NB! Hugs å merke barna sine kle og utstyr med namn.



Alle må ha drikkeflaske i sekken

Vi har 5 regler på SFO:

- Her på SFO skal alle som vil få vere med på leiken.
- Vi skal vere snille med kvarandre.
- Vi skal høyre på beskjed frå vaksne.
- Vi skal rydde etter oss.
- Vi skal bruke innestemme og gå inne.



«Saman skal vi ha det kjekt i lag.»

PERIODEPLANAR

SFO året er delt inn 6 ulike periodar.

Alle basane jobbar etter desse, men gjer dei til sine utifrå barna og personalet sine ressursar.

PERIODE 1 August – september

TEMA: BLI KJEND

"Hei, kven er du?"

MÅL:

- Barna skal trivast på SFO.
- At barna skal synes SFO er ein trygg og god stad å vere.
- Bli kjent med dei andre barna og vaksne.
- Bli kjent med og lære daglege rutinar og reglar på SFO.
- Barna skal føle at dei høyrer til på basen.

TILTAK:

- Bli-kjend-leikar, der barn og vaksne deltar.
- Spele spel.
- La barna få kjennskap til dei faste reglane og rutinane som er på SFO.
- Barnemøte.

Markering i perioden:

- Bli-kjend-fest på kvar enkelt base.



PERIODE 2 Oktober – 15. november.

TEMA: FELLESSKAP

"Saman er vi dynamitt!"

MÅL:

- Barna skal oppleve å høyre til i gruppa. Alle vi må stå saman.
- Styrke nye vennskap og sosialisere dei som eventuelt sit mykje for seg sjølv.
- Alle skal ha minst ein leikekamerat.
- Få god struktur på basen, minne på reglar.
- Vi skal vere komen godt i gang med faste aktivitetar.
- At barna skal synes det er kjekt å vere på SFO.
- Alle basane skal gjennomføre barnesamtalar.

TILTAK:

- Organiserte fellesaktivitetar som: Fysisk aktivitet, matgruppe, formingsaktivitetar, turar, bading (3.-4 kl.) og 4. klasse klubb.
- Ulike fellesopplevingar.
- Valfrie aktivitetar.
- Vi skal sei fine ting til kvarandre.

Markering i perioden:

- Haustfest med utkledning. (1. og 2. klasse.)
- Maskeradeball (3. og 4. klasse.)
- Barnesamtalar.

PERIODE 3 15. november – desember.

TEMA: JULEFØREBUING

"Så gjer vi så når vi feirar jul på SFO."

MÅL:

- Samle barna i ei hektisk juletid. Roe ned og kose oss.
- Skape julestemning.
- Vi skal tilby varierte aktivitetar.

TILTAK

- Formingsaktivitetar, lage julepynt og julegåver.
- Bake julekaker.
- Høyre på julehistorier og julemusikk.
- Vi pyntar basen til jul.
- Barnemøte.
- **Markering i perioden:**
- Nissefest, felles for heile SFO.



PERIODE 4 Januar - februar.

TEMA: VINTER

"Vintervær og vinterklær."

MÅL:

- Barna skal oppleve glede av å vere ute.
- Gje barna gode opplevingar ute og inne.

TILTAK:

- Ha ulike vinteraktivitetar som skidag, akekonkurranse, lage snømann, islykter mm.
- Førebuing til Solfest og Glowparty.
- **Markering i perioden:**
- Solfest på Bikuba.
- Glowparty på Edderkoppen.
- Skidag på Edderkoppen.



PERIODE 5 Mars – april.

TEMA: VÅR

"SFO kvitter"

MÅL:

- Bli kjent med nærmiljøet.
- Ta vare på naturen og nærmiljøet.
- Bruke naturen aktivt.
- Fokus på å redusere matsvinn.

TILTAK:

- Turar i nærmiljøet.
- Lage mat med fokus på matsvinn.
- Plukke boss i nærmiljøet.
- Lage påskepynt.
- Barnemøte.

Markering i perioden:

- Påskemysteriet.
- Pysjamasparty for heile SFO.



PERIODE 6 Mai og juni

TEMA: Snart SOMMAR

"Bind deg ein blomekrans, SFO i leik og dans."

MÅL:

- Barna skal lære ulike regelleikar.
- Vi skal ha ulike aktivitetar ute.
- Vere mykje ute.
- Fokus på overgang til ny base.



TILTAK:

- Vaksne skal organisere ulike regelleikar.
- Male ute, plukke dei første blomane osv.
- Vassleik ute.
- 2. klasse besøker Edderkoppen.

Markering i perioden:

- Mesterens Mester
- 4. klasse reiser på overnattingstur (månadsskiftet mai/juni).
- Tivoli på Edderkoppen i juni. Bikuba blir invitert på tivoli.
- Avslutning på Bikuba for 2. klasse.
- Avslutning for 4. klasseklubben på Edderkoppen.

PRESENTASJON AV PERSONALET:

Rektor: Therese Helland

Ass. Rektor: May Helen Midtbø-Nordbom

SFO-leiar: Monica Flaten

Bikuba

Baseleiar: Sissel D. Fossen

Miljørettleiar: Maria Løkkebø

Barnerettleiarar: June Øyren Tjønneland, Åslaug Haaland,
Peder Moe og Margrethe Kjellstadli

Lærling: Guro Ask Nordnes

Edderkoppen

Baseleiar: Marianne Bruflot

Miljørettleiar: Thomas Fugle og Frida Husabø

Barnerettleiarar: Elin Bjørndal, Einar Blindheim, Andrine Andestad
Heidi Rebbestad, Monica Øvrebotten,
Anita Kvalsøren og Janne Karin Apalset

